

Ordinært årsmøte i Kringkastingsringen

24.4.2025

Sak 1 Konstituering

Sakliste

- 1 Godkjenning av innkalling og sakliste, val av to protokollunderskrivarar
- 2 Godkjenning av årsmelding
- 3 Godkjenning av revidert rekneskap
- 4 Gjennomgang av arbeidsplan
- 5 Gjennomgang av budsjett
- 6 Kringkastingsprisen – retningslinjer
- 7 Val

Kringkastingsringen

Årsmelding for perioden 8.4.2024–24.4.2025

På årsmøtet 8.4.2024 vart dette styret valt:

Styreleiar: Jógvan Helge Gardar, 1 år
Styremedlem: Elise Kvien, 2 år
Styremedlem: Hannah Kolås, 2 år
Styremedlem: Erlend Błaalid Oldeide, 1 år
Styremedlem: Olav Wixøe Svela, 1 år att
Varamedlem: Kristin Mork, 1 år
Varamedlem: Hans-Olav Rise, 1 år
Varamedlem: Beate Marie Dahl Eide, 1 år
Varamedlem: Arne Henning Årskaug, 1 år

I tillegg valde årsmøtet folk til to andre verv:

Revisor: Frida Pernille Mikkelsen
Valnemnd: Sigrid Sørungård Botheim, Kjartan Helleve og Aksel Torsnes Mehlum

Styrearbeid

Det har vore seks styremøte i perioden. I tillegg har styret jamleg kontakt i ei Messenger-gruppe og på e-post.

Medlemmer

Kringkastingsringen hadde 565 betalande medlemmer (inkl. livstidsmedlemmer) per 31.12.2024. Det inneber ein gledeleg 6-prosentsauke frå året før, då det tilsvarande talet var 535. Vi har dimed hatt medlemsauke to år på rad. Nokre er verva av eksisterande medlemmer, og andre har starta å betale att etter ikkje å ha vore aktive ei stund.

Økonomi

Rekneskapan for 2024 syner eit underskot på 75 393,58 kr. Underskotet er om lag som budsjettert. I 2024 fekk Kringkastingsringen inn 151 129,67 kr i medlemspengar og 141 917,90 kr i gåver.

Administrasjon

Aksel Torsnes Mehlum har vore tilsett i stillinga som dagleg leiar (30 prosent) i heile perioden. Arbeidet er basert på bruk av heimekontor og lån/leige av møterom når det trengst.

Det historiske arkivet til Kringkastingsringen, som vart gått gjennom og pakka ned i samband med flytting hausten 2023, vart etter ein lang prosess med Arkivverket og Nynorsk kultursentrum endeleg henta av ein representant frå Riksarkivet i mars 2025. Materialet blir no registrert formelt og kompletterer delavleveringa som vart gjort for fleire tiår sidan.

Aktivitet retta mot medlemmene og allmenta

Kringom er medlemsbladet for Kringkastingsringen og blir sendt i posten til alle betalande medlemmer og dessutan om lag 20 gratisabonnentar, særleg i NRK-systemet. I tillegg får medlemmer som ikkje har betalt medlemspengar på ei stund, blad og giro i ein periode i håp om at dei skal ta opp att medlemskapan. Til saman blir det sendt ut om lag 750 blad. I 2024 kom det fire nummer, og det same er planlagt i 2025. Saman med Kringom kjem det giro for medlemspengar og frivillige gåver. Den daglege leiaren skriv og samlar det meste av stoffet, og Fonna Forlag står for produksjonen.

Nettsidene (kringkastingsringen.no) har grunnleggjande informasjon om organisasjonen (t.d. kontaktpersonar, innmeldingsskjema, styringsdokument og tidlegare utgåver av Kringom), medan Facebook-sida blir oppdatert oftare. Facebook-sida hadde 759 følgjarar per 1.4.2025 (706 året før).

Styreleiaren har ei fast spalte i Norsk Tidend under vignetten *Media*.

Kringkastingsringen har levert eige høyringssvar på høyring om nasjonal bevaringsplan for privatarkiv som er knytte til nynorsk skriftkultur, og deltek elles i høyringar som del av Nynorsk forum.

Tilskipingar

På årsmøtet 8.4.2024 var Victor Okpe, seniorrådgjevar i Språkrådet, invitert for å innleie til ordskifte om verkemiddel i mediepolitikken. Ti medlemmer var til stades.

Kringkastingsringen skipa til nynorskpub i Pressens hus 26.2.2025, som ein start på jubileumsåret. Vidar Eidhammer og Per-Ivar Kvalsvik var inviterte for å fortelje om kvardagen som nynorskjournalistar i NRK, og Elise Kvien var samtaleleiar. Heile 25 personar møtte opp, m.a. heile vårkullet frå Nynorsk mediesenter.

Kringkastingsprisen og anna heidring

Kringkastingsprisen for 2023 vart delt ut i juni 2024 og gjekk til Eivind Molde. Seremonien var ei overrasking på fredagsmøtet i nyhenderedaksjonen på Marienlyst, og prisen fekk omtale i NRK Dagsnytt og mange andre medium. Kringkastingsprisen for 2024 blir delt ut våren 2025. Det var fem nominerte kandidatar.

Kringkastingsringen har dessutan teke opp att tradisjonen med å heidre journalistar med diplom og nynorsk kopp på uformelle overrekkingar:

- Håvard Grønli (oktober 2024)
- Katrine Nybø (november 2024)
- Kristi Marie Skrede (november 2024)
- Per-Ivar Kvalsvik (februar 2025)

Representasjon

Etter ein pause i 2023 har Kringkastingsringen fått i gang att dei faste møta mellom NRK-leiinga og målrørsla. Kringkastingsjefen, språksjefen og fleire andre NRK-leiarar var til stades på møtet 12.12.2024, og den daglege leiaren stilte frå Kringkastingsringen.


Anne Svanaug Straume (til feb. 2025) og Inger Johanne Sæterbakk (frå feb. 2025) har vore nestleiarar i Stiftinga Nynorsk pressekontor. Hans-Olav Rise har vore styremedlem, og Aksel Mehlum og høvesvis Jógvan Helge Gardar og Beate Marie Dahl Eide (før og etter feb. 2025) har vore varamedlemmer.

Kristofer Olai Ravn Stavseng har vore nestleiar i Stiftinga Vener av Dag og Tid.

Den daglege leiaren har møtt fast i Nynorsk forum.

Oslo, 22.4.2025


Jógvan Helge Gardar (styreleiar) og Aksel Torsnes Mehlum (dagleg leiar)



Kringom nr. 2/2024



Kringom nr. 3/2024



Kringom nr. 4/2024



Kringom nr. 1/2025



Innleiing frå Victor Okpe (Språkrådet), årsmøtet apr. 2024.



Møte mellom NRK-leinga og Kringkastingsringen, Noregs Mållag og Norsk Målungdom, des. 2024.



Per-Ivar Kvalsvik og Vidar Eidhammer i samtale med Elise Kvien, nynorskpub i Pressens hus feb. 2025.



Kringkastingsprisen for 2023
til Eivind Molde, jun. 2024.



Diplom og nynorskopp til
høvesvis Kristi Marie Skrede,
Katrine Nybø, Håvard Grønli
og Per-Ivar Kvalsvik.



Kringkastingsringen

Resultatregneskap for 2024

Medlemspengar	151 129,67
Momskompensasjon	11 485,00
Gåver	141 917,90
Sum driftsinntekter	304 532,57
Lønn	-156 943,47
Feriepengar	-18 413,82
Arbeidsgjevaravgift	-23 000,30
Arbeidsgjevaravgift av utrekna feriepengar	-2 596,40
Obligatorisk tenestepensjon (OTP)	-13 472,61
Leige av kontorlokale (2023)	-15 000,00
Revisjonshonorar	-2 698,00
Porto (utanom Kringom)	-2 893,00
Kringom (inkl. porto), note 1	-125 078,88
Verving og marknadsføring, note 2	-8 348,75
Kringkastingsprisen og anna heidring	-7 545,00
Møte/tilskipingar	-784,08
Øreavrunding	3,54
Bankgebyr	-2 705,00
Andre driftskostnader, note 3	-6 401,00
Sum driftskostnader	-385 876,77
Driftsresultat	-81 344,20
Renter	5 622,00
Anna	328,62
Sum finansinntekter	5 950,62
Sum resultat	-75 393,58

Kringkastingsringen

Jamvekt og notar for 2024

	1.1.2024	31.12.2024
Aksjar	1 550,00	1 550,00
Brukskonto	88 408,50	29 388,50
Sparekonto	154 736,37	160 230,37
Skattetrekkkonto	10 308,01	6 778,01
Eigedelar	255 002,88	197 946,88
Kortsiktig gjeld (pensjon)	0,00	-1 239,00
Forskotstrekk (skatt på lønn)	-7 073,00	-7 038,00
Skyldig arbeidsgjevaravgift	-3 990,49	-3 988,00
Anna	-479,73	-2 597,38
Skyldige feriepengar	-3 395,40	-18 413,82
Gjeld	-14 938,62	-33 276,20
Resultat 2024		-75 393,58
Eigenkapital	240 064,26	164 670,68
Note 1		
Trykk og utsending (4 utgåver)	109 064,28	
Formgjeving (5 utgåver)	9 375,00	
Kryssord og kryssordpremiar	4 639,60	
Ymse	2 000,00	
	125 078,88	
Note 2		
100 nynorskkoppar	7 748,75	
Andre vervepremiar	600,00	
	8 348,75	
Note 3		
Postboksleige	1 466,00	
IKT-abonnement	4 635,00	
Lagerleige	300,00	
	6 401,00	

Oslo, 22. april 2025

Til årsmøte i Kringkastingsringen

Fråsegn om årsrekneskapen

Eg stadfestar at eg som ettersynskvinne for Kringkastingsringen har kontrollert årsrekneskapen for 2024 med resultat -75 393,58 kroner, og jamvekt for 2024 med notar.

Som ettersynskvinne har eg ved stikkprøver kontrollert at dagleg leiar kan dokumentere banktransaksjonar med gyldige bilag og anna naudsynt dokumentasjon. Kontrollverksemda har ikkje avdekt brot på god rekneskapsskikk. Styret ved dagleg leiar kan gjere god greie for den økonomiske stoda i laget.

Eg konkluderer med at rekneskapen er ført rett, og at årsresultatet og jamvekta blir lagt fram på ein riktig måte for årsmøtet.

Med helsing



Frida Pernille Mikkelsen
Ettersynskvinne

Kringkastingsringen

Arbeidsplan 2025–2026

Kringkastingsringen skal arbeide for at

- a) styresmaktene legg til rette for at vi skal få eit godt og mangfaldig språk i media
- b) språket i medieverksemdene speglar språkmangfaldet i Noreg
- c) fleire journalistar nyttar nynorsk

Det vil vi gjere gjennom følgjande tiltak:

1 Påverke styresmaktene

Norsk språkpolitikk bør synast att i norsk mediepolitikk. Kravet om 25 % nynorsk i NRK har vore utruleg viktig for nynorsken. Diverre har krava til andre allmennkringkastarar ikkje vore like tydelege, og styresmaktene har heller ikkje nokon god strategi når det gjeld nye medieplattformer.

Kringkastingsringen skal løfte opp spørsmålet om nynorsk, dialekter og samisk i alle samanhengar der det er naturleg, og minne styresmaktene på at dette spørsmålet høyrer heime i mediepolitikken. Særleg viktig er dette i program retta mot born og unge.

Tiltak

- Skrive lesarinnlegg
- Leverer høyringssvar på aktuelle saker, gjerne i samråd med Nynorsk forum
- Løfte fram problemstillinga i eigne kanalar
- Ha eigne møte med styresmakter og politikarar

2 Følgje opp medieverksemdene

Skepsisen mot nynorsk er mindre enn kva han var tidlegare i redaksjonane. Men større nynorskdel kjem ikkje av seg sjølv. Difor skal Kringkastingsringen halde fram med å møte redaksjonane direkte og snakke om nynorsk og dialekt.

Tiltak

- Ha møte med kringkastingsjefen og leiinga i NRK
- Ha møte med TV 2 og andre kringkastarar
- Vere aktive i styra for Stiftinga Nynorsk pressekontor og Stiftinga Vener av Dag og Tid og ha jamleg kontakt mellom representantane våre i desse styra og styret i Kringkastingsringen
- Freiste å skape kontakt med leiinga i dei media som framleis har nynorsknekt for journalistane

3 Møte journalistane

For at nynorsk og dialektene skal få den plassen dei har krav på i media, trengst det nynorskskrivande journalistar. Dei må òg ha den tryggleiken som trengst for å halde på språket sitt i ei bokmålsdominert medieverd. Her spelar journalistutdanningane ei viktig rolle.

Tiltak

- Sende helsing til nynorskpraktikantane kvart halvår
- Invitere Norsk Journalistlag til eit møte for å finne felles arbeidsområde
- Opprette kontakt med redaktørmiljø
- Gje merksemd til nynorskskrivande journalistar

4 Gjere organisasjonen synleg

Kringkastingsringen er ein medlemsorganisasjon, og det er viktig å vise fram kva arbeid som blir gjort

for medlemmene våre. Ein synleg organisasjon gjev oss større tyngd i møte med styresmaktene og medieverksemdene.

Tiltak

- Dele ut Kringkastingsprisen
- Dele ut kopp og diplom
- Arrangere opne temakveldar
- Gje ut Kringom fire gonger per år
- Nytte heimesida og sosiale medium til å nå ut med politikken vår
- Delta i Nynorsk forum
- Delta i Noregs Mållag-samanheng når det er naturleg

5. Styrkje organisasjonen

Medlemmene våre gjev oss både tyngd som interesseorganisasjon og økonomiske ressursar til å drive utetterretta arbeid. Vi har jamt over svært lojale medlemmer, men aldersnittet er nokså høgt, og det er relativt få medlemmer under 30 år. Å auke medlemstalet er difor ei viktig oppgåve dei kommande åra.

Tiltak

- Ha ein vervekampanje våren 2025
- Ha oppdatert vervemateriell

Kringkastingsringen

Budsjett for 2025

Inntekter	2024	2025
Medlemspengar	160 000	190 000
Gåver	110 000	160 000
Momskompensasjon	30 000	25 000
Renter	4 000	5 000
	304 000	380 000
Kostnader	2024	2025
Kringom (fire utgåver)	120 000	125 000
Lønn, pensjon og off. avgifter	215 000	225 000
Kontorleige (2023)	15 000	0
Porto og driftskostnader	4 000	12 000
Revisjon	3 000	3 000
Møte og tilskippingar	2 000	20 000
Kringkastingsprisen og anna heidring	7 000	7 000
Marknadsføring og verving	5 000	20 000
Bankgebyr	3 000	3 000
	374 000	415 000
Budsjettert resultat	-70 000	-35 000
Reelt resultat	-75 394	

Ordinært årsmøte i Kringkastingsringen

24.4.2025

Kringkastingsprisen – moglege endringar i kriteria

Kringkastingsprisen blir kvart år delt ut til ei røyst i eteren som utmerker seg med godt språk i radio eller fjernsyn, og som på ein framifrå måte brukar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet. Kringkastingsringen har delt ut prisen årleg sidan 1978. Alle medlemmer kan nominere kandidatar, og styret fungerer som jury for prisen.

På årsmøtet ønskjer styret eit ordskifte om ein bør justere kriteria på to punkt:

1. Styret føreslår å leggje til podkast attmed radio og fjernsyn.
2. Styret ber årsmøtet ta stilling til om ein skal leggje til samisk attmed nynorsk og dialekt.

Eventuelle endringar blir i så fall gjeldande f.o.m. prisen for 2025.

Prisen er ikkje vedtektsfest, men styret ønskjer likevel å involvere årsmøtet for å få eit breiare ordskifte om kriteria.

Punkt 1

Styret meiner at den nye mediekvardagen gjer det naturleg å ta inn podkast attmed radio og fjernsyn, men med eit tillegg om at dei aktuelle media skal vere redaktørstyrte.

Punkt 2

Kringkastingsringen har i mange år arbeidd for at «nynorsk normalmål, norske dialektar og samisk mål skal få eit rettkome rom i norsk kringkasting og andre norske massemedium» (henta frå § 1 i vedtektene). Kringkastingsprisen har derimot ikkje noko punkt om samisk som del av kriteria. Ved nokre høve har det komme uformelle framlegg om å leggje til eit slikt punkt, og difor ønskjer styret å leggje saka fram for årsmøtet.

Framlegg til vedtak

1. Teksten «utmerker seg med godt språk i radio eller fjernsyn» blir endra til «utmerker seg med godt språk i radio, fjernsyn eller redaktørstyrte podkastar».
2. To alternativ:
 - a. Teksten «på ein framifrå måte brukar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet» blir endra til «på ein framifrå måte brukar nynorsk, dialekt eller samisk i det daglege arbeidet».
 - b. Kriteria blir ståande uendra på dette punktet.

Styret har ei samrøystes innstilling på pkt. 1, medan pkt. 2 blir lagt fram for årsmøtet utan noka innstilling frå styret.

Kringkastingsringen
Ordinært årsmøte 24.4.2025
Sak 7 Val

Valnemnda har hatt tre medlemmer: Sigrid Sørungård Botheim, Kjartan Helleve og Aksel Torsnes Mehlum.

Følgjande personar er innstilte til verv i Kringkastingsringen:

Styreleiar	Jógvan Helge Gardar (attval), 1 år
Styremedlem	Beate Marie Dahl Eide (no varamedlem), 2 år
Styremedlem	Erlend Błaalid Oldeide (attval), 2 år
Styremedlem	Hannah Kolås (ikkje på val), 1 år att
Styremedlem	Elise Kvien (ikkje på val), 1 år att
1. varamedlem	Hans-Olav Rise (attval), 1 år
2. varamedlem	Susanne Egset (ny), 1 år
3. varamedlem	Arne Henning Årskaug (attval), 1 år
4. varamedlem	Kristin Mork (attval), 1 år
Revisor	Frida Pernille Mikkelsen (attval), 1 år
Valnemnd	Sigrid Sørungård Botheim (attval), 1 år Kjartan Helleve (attval), 1 år Aksel Torsnes Mehlum (attval), 1 år